

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 19.03.2021
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Evy-Helen Helleseeth**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per februar 2021**

Arkivsak

2021/1089

Styresak 014/2021

Styremøte 26.03.2021

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per februar 2021 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Resultatet til no i år er 4,7 millionar betre enn budsjett. Stenginga i januar var påverka av årsoppgjer, og februar er påverka av innføring av LIBRA. Dette har medført noko mindre nøyaktigheit i samband med stenging av periodane, men administrerende direktør vurderer at underliggende drift er omlag i balanse samanlikna med budsjett.

Estimert effekt knytt til pandemien er til no i år 24,4 millionar. Det er vedtatt at føretaka i Helse Vest skal inntektsføre ekstraløyvingar knytt til pandemien i tråd med estimerte tapte inntekter og kostnader. Helse Førde har i 2021 fått 35,4 millionar i ekstra løyvingar til å handtere pandemien. Vidare skal føretaket sjå dette opp mot ekstraløyvingar i 2020 som ikkje er nytta. Vi fekk i fjor 158,4 millionar i ekstraløyvingar, og estimert netto effekt var 99 millionar. I tillegg har vi investert for 14,1 millionar i samband med pandemien. Dette gjer at Helse Førde har 45,3 millionar frå 2020 som takast med når vi vurderer det økonomiske resultatet i 2021.

Aktiviteten målt i DRG-poeng til no i år er 90,2 prosent av budsjettert aktivitet. Dette er innanfor somatikken og utan H-resept. Administrerende direktør registrerer at aktiviteten har gått ned frå januar til februar. Dette kan skuldast tilfeldig månadsvariasjon. Føretaket har stort fokus på aktiviteten og tiltak for å auke denne framover. Dette er viktig både i høve ventetider og fristbrot. Vidare har vi starta arbeidet med å planlegge ei større nedskalering av tiltak i drifta knytt til pandemien. Viktige faktorar er naturleg nok utviklinga i pandemien, vaksinerings og opning av samfunnet. Dette blir avgjerande for å avgrense dei økonomiske konsekvensane av pandemien.

Innanfor psykisk helsevern (PHV) er aktiviteten lågare enn planlagt og lågare enn fjoråret. Dette heng truleg saman med etterslep og manglande registrering av aktivitet som følgje av overgang til nytt pasientadministrativt system, DIPS Arena i veke 2. I tillegg er aktiviteten i februar påverka av førebuing og flytting av aktivitet frå Tronvik og begge poliklinikkane i Førde til Dagabygget.

Innanfor fag ser vi at ventetid for ventande innan somatikk var 60 dagar ved utgangen av februar. Dette er same resultat som førre månad, men 10 meir enn i februar 2020. Innanfor PHV har psykisk helsevern for barn og unge (PBU) 26 dagar ventetid for ventande, dette er 7 færre enn sist månad. Ventetid for dei som har fått starta helsehjelp innan somatikk, var 66 dagar i februar. Det er 6 dagar høgare enn i fjor.

For PBU var ventetida for behandla 49 dagar i februar, noko som er 6 dagar meir enn i fjor. Dette skuldast i det vesentlege auka tilvisingar og krev ekstra ressursar for å løyse.

Helse Førde har for 2021 fått noko midlar for å ta att etterslep og ventetid i pasientbehandlinga som følgje av pandemien. Administrerende direktør har difor bestemt å nytte omlag 2 millionar av desse midlane til Psykisk helsevern for born og unge for i første omgang å styrke tenestetilbodet til denne gruppa. I tillegg kjem vi til å bruke 660.000 til å redusere ventetida til nevrologisk poliklinikk. Dette gjer vi ved å konstituere ein ekstra LIS som overlege og som snart er ferdig spesialist.

Det er førebels registrert 94 nye fristbrot i februar. Dette tilsvarar 3,4 prosent av dei med frist i perioden (3,8 prosent i januar). Det er to fristbrot innan PHV som skuldast manglande kapasitet til å setje i verk behandling av nye pasientar. Elles er fristbrota i hovudsak innan ortopedi, fordøysessjukdommar og urologi. Grunna pandemien og periodevis redusert aktivitet i 2020, har vi ikkje klart å fjerne alle fristbrot.

For direkte timetildeling ser vi ein positiv auke frå 74 prosent i januar til førebels 81 prosent i februar. Andel ikkje møtt er stabilt lågt med 1,4 prosent. Gjennomsnitt i Helse Vest er 3,4 prosent. Epikrisetider for somatikk innan 7 dagar ligg jamt over 90 prosent.

Sjukefråværet var i januar 6,7 prosent. Dette er 0,2 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor, og ein vekst på 0,7 prosentpoeng frå månaden før. Administrerende direktør registrerer auke i korttidsfråvær og nedgang i langtidsfråvær samanlikna med førre månad. Nivået må nok sjåast i samheng med karantenerreglar og smitteutbrot i opptaksområdet vårt i januar.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:

- Somatikk: 60 dagar ved utgangen av februar (60 i januar). 50 i februar 2019. Altså +10 frå i fjor.
- PHV: 19 dagar ved utgangen av februar (23 i januar). 18 i februar 2019. Altså +1 frå i fjor.
- PBU: 26 dagar ved utgangen av februar (33 i januar). 22 i februar 2019. Altså +4 frå i fjor.
- TSB (rus): 20 dagar ved utgangen av februar (15 i januar). 27 i februar 2019. Altså -7 frå i fjor.

Ventetid - helsehjelp starta i perioden

Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i februar, var:

- Somatikk: 67 hittil i år (66 dagar i februar) – måltal er 50. 61 hittil i fjor. Altså +6 frå i fjor.
- PHV: 31 hittil i år (30 dagar i februar) – måltal er 40. 31 hittil i fjor. Altså ikkje endring.
- PBU: 48 hittil i år (49 dagar i februar) – måltal er 35. 42 hittil i fjor. Altså +6 frå i fjor.
- TSB (rus): 24 hittil i år (19 dagar i februar) – måltal er 30. 31 hittil i fjor. Altså -7 frå i fjor.

Fristbrot – måltal 0 prosent

- Førebels registrert 79 fristbrot på behandla pasientar i februar svarande til 3,7 prosent av behandla i februar (4,6 prosent i januar). Gjennomsnitt for Helse Vest er 5,8 prosent.
- Førebels registrert 94 nye fristbot i februar, svarande til 3,4 prosent av alle med frist i februar (3,8 prosent i januar).

Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)

Førebels 81 prosent for første time (74 prosent i januar). Gjennomsnitt for Helse Vest er 84 prosent. 82 prosent fikk oppfølgingstime innen 24 timar (80 prosent i januar). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 81 prosent.

Andel ikkje møtt

Stabilt lågt med 1,4 prosent (1,4 prosent i januar). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,4 prosent.

Epikrisetider

- Innan ein dag: Somatikk 75 prosent i februar og hittil i år 75 prosent (75 prosent i heile 2020). Psykisk helsevern 32 prosent i februar og hittil i år 29 prosent (43 prosent i heile 2020). TSB/Rus 40 prosent i februar og hittil i år 39 prosent (42 prosent i heile 2020).
- Innan sju dagar: Somatikk 92 prosent i februar og hittil i år 93 prosent (94 prosent i heile 2020). Psykisk helsevern 82 prosent i februar og hittil i år 83 prosent (94 prosent i heile 2020). TSB/Rus 93 prosent i februar og hittil i år 94 prosent (95 prosent i heile 2020).

Korridorpasientar

Stabilt lågt med 18 korridorpasientar, svarande til 0,3 prosent (0,4 prosent i januar). Gjennomsnitt for Helse Vest er 0,8 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

22 døgn i februar, svarande til 0,5 prosent av alle liggedøgn (0,4 prosent i snitt i 2020). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,4 prosent.

Stryking av planlagde operasjonar

Det var 12 strykingar av totalt 449 planlagde operasjonar svarande til 2,7 prosent (4,0 prosent i januar). Gjennomsnitt for 2020 var 4,2 prosent.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 600	1 829	-228	1 797	-197	3 370	3 720	-349	3 588	-218
DRG-poeng poliklinikk, A	391	443	-52	422	-31	816	939	-123	903	-87
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	213	218	-5	215	-2	650	696	-46	688	-38
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	43	48	-5	43	0	99	93	6	93	6
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 248	2 537	-290	2 477	-229	4 935	5 448	-513	5 272	-337
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	138	156	-18	133	5	260	309	-50	284	-24
Sum DRG-poeng egne pasientar (A+C)	2 342	2 646	-303	2 567	-225	5 096	5 664	-568	5 463	-367
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 169	1 251	-82	1 242	-73	2 458	2 603	-145	2 651	-193
Tal sjukehusopphald	1 410	1 592	-182	1 524	-114	2 996	3 248	-252	3 078	-82
Tal polikliniske konsultasjonar	9 901	10 159	-258	10 298	-397	19 925	21 534	-1 609	21 428	-1 503

DRG indeks	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
Dag/døgn	0,621	0,643	-0,023	0,650	-0,029	0,618	0,636	-0,018	0,626	-0,008
Poliklinikk	0,040	0,044	-0,004	0,041	-0,001	0,041	0,044	-0,003	0,042	-0,001

Perioden

Aktiviteten i perioden var 4,0 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 4,5 prosent lågare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 11,4 prosent lågare enn budsjett (- 290 poeng) og 9,3 prosent lågare enn førre året (- 229 poeng).

Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 7,3 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 6,5 prosent lågare enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 9,4 prosent lågare enn budsjett (- 513 poeng) og 6,4 prosent lågare enn fjoråret (- 337 poeng).

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 907	1 483	424	1 512	395	3 481	3 081	400	3 242	239
Tal utskrivne pasientar	81	79	2	92	-11	159	169	-10	201	-42
Polikliniske kons. m/refusjon	1 855	2 392	-537	2 316	-461	3 665	4 826	-1 161	4 546	-881
Rus										
Tal heildøgnsopphald	649	552	97	515	134	1 267	1 111	156	1 120	147
Tal utskrivne pasientar	17	20	-3	17	0	33	42	-9	40	-7
Polikliniske kons. m/refusjon	215	270	-55	217	-2	410	588	-178	484	-74
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	107	123	-16	137	-30	200	225	-25	312	-112
Tal utskrivne pasientar UPH	6	7	-1	6	0	15	14	1	13	2
Polikliniske kons. m/refusjon	1 464	1 577	-113	1 920	-456	3 037	3 392	-355	3 334	-297

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Registrert aktivitet innan PHV for vaksne i perioden var lågare enn plan for poliklinikk, men høgare for døgnopphald. Vi arbeider med å kvalitetssikre registrerte data, då det ser ut for å vere utfordringar med registrering av aktivitet knytt til overgang til DIPS Arena.

Innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har aktiviteten i perioden også vore litt lågare enn plan for poliklinikk, men høgare enn plan for døgnpostane.

Psykisk helsevern for barn og unge

Aktiviteten i perioden har vore lågare enn både plan og same periode i fjor.

Beleggsprosent døgnseksjonar

Reell beleggsprosent, februar 2021, klokka 7

Institusjon	Klinikk	Post	Siste 12 mnd	I vald periode	Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd	Pasient på korridor
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Akutt Døgn, Psyk.Førde	87 %	85 %	-2 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	DPS Døgn Førde	80 %	81 %	1 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	DPS psykose Førde	2 %	2 %	0 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	ISP Døgn	59 %	74 %	15 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	NPS Døgn	67 %	73 %	6 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	NPS Rus	45 %	33 %	-12 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Ruspost Tronvik	63 %	62 %	-1 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Ungdomspost for psyk.helsevern	52 %	41 %	-11 %	0
Totalt			66 %	62 %	-4 %	0

Det er høgt belegg på akutt døgn. Elles er aktiviteten tilnærma normal, med unntak av NPS rus som har låg beleggsprosent.

ØKONOMI

Periodens Resultat

Artskonto		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Prognose	Arsbudsjett
☐ HV031.1	Pasientrelatert inntekt	71 422	79 769	-8 348	152 778	168 936	-16 157		920 815
☐ HV031.2	Basistilskudd	189 247	176 670	12 578	358 865	346 477	12 387		2 136 845
☐ HV031.3	Andre inntekter	5 699	6 040	-341	11 219	12 160	-942		68 058
☐ HV031	Sum Driftsinntekter	266 367	262 479	3 888	522 862	527 574	-4 712		3 125 718
☐ HV032.1	Varekostnader og Helsetjenester	-38 293	-39 725	1 432	-75 785	-79 663	3 878		-483 844
☐ HV032.2	Lønn- og personalkostnader	-174 638	-175 516	878	-351 751	-351 929	178		-2 062 318
☐ HV032.3	Øvrige kostnader	-37 942	-38 134	191	-72 995	-77 007	4 012		-461 098
☐ HV032.4	Av- og Nedskrivning	-5 999	-6 185	186	-12 003	-13 085	1 082		-82 825
☐ HV032	Sum Driftskostnad	-256 872	-259 560	2 687	-512 534	-521 683	9 150		-3 090 085
☐ HV033	Driftsresultat	9 495	2 920	6 576	10 328	5 890	4 438		35 634
☐ HV034	Sum Finans	-36	-113	77	-11	-278	267		-1 989
☐ HV03	Totalresultat	9 459	2 806	6 652	10 317	5 612	4 705		33 645

Resultatet er i stor grad påverka av korleis ein inntektsfører øymerka midlar knytt til pandemien. Helse Førde har fått 35,4 millionar i ekstraløyving til å handtere dei økonomiske effektane, samt 4,3 millionar som øymerka midlar til å redusere ventetider og forbetre kapasitet i poliklinikkane.

Det er vedtatt at føretaka skal inntektsføre løyvingane knytt til pandemien i tråd med estimerte tapte inntekter og auka kostnader som følgje av pandemien. Til no i år er effektane knytt til pandemien estimert til 12,7 millionar i tapte inntekter for somatiske klinikkane, og ekstra kostnader i Helse Førde på 11,7 millionar. Samla utgjer dette 24,4 millionar.


Resultatet til no i år er 4,7 millionar betre enn budsjett. Resultatet er noko usikkert. Årsaka er LIBRA-prosjektet og innføring av eit delprosjekt «Behov til leveranse» 1. mars. Gjennomgang med klinikkane tyder på at underliggende drift er om lag i balanse. H-resept er i balanse samanlikna med budsjett. Pasienttransport er 1,7 millionar betre enn budsjett, og PHV er 1 millionar betre enn budsjett som følgje av lågare lønnskostnader.

Likviditet

Per utgangen av februar 2020 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 274,8 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 287,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i januar 6,7 prosent. Det er 0,2 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor, og ein auke på 0,7 prosentpoeng frå førre månad. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste tolv månadene er 6,7 prosent.

Månadsverk




Brutto månadsverk i perioden var 2378. Dette er 107 fleire enn same periode i 2020. Netto månadsverk i perioden var 2239. Dette er 108 fleire enn same periode i 2020. Hovudårsaka til auken er ekstra arbeid knytt til covid-19.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).
Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.


Trygg pleie

Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført kartlegging av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei siste tolv månedene.


Målet er at 90 prosent av pasientane skal kartleggast. Føretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring.



Snittet for Helse Førde er 78 prosent i perioden mot 78 prosent førre månad.




Snittet for Helse Førde er 74 prosent i perioden mot 74 prosent førre månad.



Snittet for Helse Førde er 65 prosent i perioden mot 65 prosent i førre måned.

Oppfølging sepsis i akuttmottak

Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på ti minutt etter at dei har kome i akuttmottak. Helse Førde er innanfor måltalet i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.



Tid for oppstart av antibiotika på raude og oransje pasientar. Tidsgrensa er 60 minutt. Helse Førde er innanfor måltalet i forhold til mediantid.

Oppstart av antibiotika

